

# KALKASVÅÆ

---

Fridtjov Dæmring

---

Fjorbukta nedanfor Skipshelleren kallast Hellerbukta, eller i dagleg tale berre Bukta. På Hellerbukta hadde gardane på Straume ein gamal og god fiskeplass for sjøaure. Av ein eller anna grunn gjekk det sjeldan laks innpå Hellerbukta. Auregarna vart til vanleg utsette etter gamal nedarva reglar. På same stad, og var på land festa til same garnstøda år etter år. Der var to garn, det inste og det ysta garnet, vart dei kalla. På land var dei festa til det inste og det ysta garnstødet. Garnstøda var furustolpar som var nedsett i sandgrunnen på høveleg stad omlag i flodmælet. Stolpane var, slik eg hugsar dei, merkte av lang tids bruk, men elles godt brukande då dei ein gong i 40 åra kom vekk på grunn av sandgravinga frå sjøbotnen.

Ein skikk høyrde i lange tider med til fisket på Hellersbukta. Det var å kalka Kalkasvåæ.

Kvar vår før fiskesesongen tok til samlast eigarane og leska kalk som dei smurde på ei sva på ein fjellknaus inst i bukta. Denne knausen var kalla Kalkasvåæ. Og etter det dei eldste då fortalde vart dette gjort for å lura auren til å tru at dette var ein foss og såleis at det rann ei elv ut i sjøen her. Dette skulle så lokka auren inn i bukta.

Denne skikken heldt seg til omlag sist i 1920-åra. Men då det av ymse grunnar vart slutt med kalking, viste det seg at denne metoden hadde lite verknad på fiskegangen her.

Men namnet Kalkasvåæ er att som eit minne frå farne tider.